

Hausthelsing frå ordføraren:

Kjære sambygdingar!

Tida går fort, og det er på tide med ei ny oppdatering. Eg vel å skrive litt om mykje, enn mykje om lite så får de moglegheit til å kontakta meg om det er noko de ynskjer å veta meir om.

AUGUST:

August bar preg av at me gjekk inn i ein haust med Stortingsval. Tverrpolitisk samarbeid med informasjon, pakking og utkøyring måtte til slik at de som innbyggjarar var så godt som mogleg opplyste før de gjekk til valurnene. Det skal seiast, me jobbar godt i lag på Gol.

Eg tok initiativet til ein prat med leiar på Frivilligsentralen, Trond Johansen, då kommunestyret gav meg eit tydeleg oppdrag våren 2017 med å prøve å betre informasjonsflyt til innbyggjarane. Tanken om eit nyheitsbrev kom raskt og det er mange kommunar føre oss som har prøvd nettopp dette. I tillegg til å få ut kommunal info visste eg frå tidlegare frivilligheitskonferanser i Gol at frivilligheita ynskte ein felles måte å gje ut informasjon om. Slik vart altså samarbeidet til, og me håpar på å få til ei fyrste utgåve før jul.



Før hausten for alvor slår inn, må graset slåast, og det gjer me kvart år på Renslotunet. Og når eg seier me, så er det fordi eg var så heldig å få bli med under årets slått. Det høve seg å sende ei stor takk for dei frivillige som bidreg under slåttten på Renslotunet, og etter det eg høyrer, kvart einaste år. Dei fekk ein is denne varme sumardagen som takk der og då. Det slåast med maskin, ljå og me hesjar. Ein kan si at den gamle husmannsplassen midt i Gol held tradisjonar ved like.

Ettersom sumardagane så smått begynte å bli litt kaldare, så vart det nyaste bygget i bygde litt klarare. Gol kommune hadde offisiell overtaking med ei lita markering midt i månaden før det brast i veg med ei fantastisk flott opning litt seinare i månaden. Om du spør meg kven som var der, spør eg attende kven som ikkje var der! Det var berre toppen av lykke å sjå kor mange barn og vaksne, men spesielt barn som møtte opp og fekk utfolde seg i hallen under opninga. Ikkje berre kunne ein utforske bygget, ein kunne også prøve seg på kunst som me i seinare tid har hengt opp i undergangen til skula. Utan tvil eitt viktig lyft for Gol, vår felles helse og livskvalitet! Tusen takk til alle som bidrog, og som eg framheva i tala mi, takk til Gol Idrettslag og kommunens representantar som har bidrege inn i eit framoverlent samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor!



Tilslutt var me ordførarar her i Hallingdal utfordra i forbindelse med Ål Kulturhus sitt 25 årsjubileum til å danse på film. Produktet av denne dansen med stivbeinte ordførarar fær me fyrstkommande laurdag 11.november.

#### SEPTEMBER:

Månaden starta med fyrste møte etter sumaren i Regionrådet. Sakane kan du lese i møtebøkene som ligg ute på [regionraadet.no](http://regionraadet.no). Under møtet fekk me besøk av VINN som alle seks kommunar eig saman, og vart oppfordra til å nytte dette selskapet meir bevisst i kommunes drift. I tillegg hadde ordførar i Hemsedal, Oddvar Grøthe, ei orientering vedrørande Hemsedal kommune sin beslutning om å søkje VM i alpint i 2025.

Fyrste møte i arbeidsgruppa for helse og omsorg fann stad på kommunehuset med deltakarar både frå brukarperspektiv, pårørandeperspektiv, verneombud, politikarar og administrasjonen. Det var eit godt møte med fleire forslag til tiltak som vart sendt administrasjonen, men me var alle einige om at me må i framtida strukturere møta vår med tanke på å dele opp i brukargrupper, aldersgrupper og tema.

Ei samling av viktige aktørar for næringslivet var gjennomført på Torpomoen. Tanken om ei dør inn til verkemiddelapparatet for næringslivet vart produktet av ein workshop der ein såg det som føremålsteneleg å gå vidare med ideen om Hallingdal Innovasjon. Utover hausten har dette vorte arbeid med, og aktørane har finne fram til alternative organisasjonsformer. Ideen blir i desse knadd for å sjå om me får til eit slikt krafttak for næringslivet, og heldige meg har fått vore med frå den spede byrjing. Det var litt artig, og bør nemnast, at når eg i haustferien hadde opprydding på heimekontoret fann eg ei gamal kladdebok etter mor mi der ho hadde ramsa opp fire store næringsaktørar, teikna ei klamme rundt og skrivi – framtida, Hallingdal Innovasjon. Dette vart rett nok skrivne i 2009. No skriv me 2017 og er nærare ei løysing enn nokon gong!

Etter at skulestart var vel gjennomført høvde det seg å setja seg ned og evaluere samarbeidstiltaket mellom SFO (skulefritidsordninga, Gol kommune) og IFO (idrettsfritidsordninga, Hallingdal Fotball klubb), nemleg ferietilbudet 2017. Det var gledeleg å høyre at det var kome inn positive attendemeldingar og at samarbeidet hadde gått bra. Det er framleis fleire punkter som må følgjast opp og endrast på, men me er på veg inn i eit sær s spennande, og ikkje minst viktig samarbeid for foreldre som treng eit slik tilbod i ferietider.

Gol kommune var invitert til eit møte med Opplysningsvesenets Fond på Bedehuset Gol. Temaet var dei bygg og eigedommar som Opplysningsvesenets Fond driftar og eig i kvar enkelt kommune i Hallingdal. For Gol sin del var det flott å høyre at prestegarden ovanfor Gol kyrkje skal bli i deira eige og at dei vil fortsetja med det då det blir ein bustad som tilbys kommande prestar i Gol.

Ei riktig artig dag var det då eg fekk besøk frå ordførarane i Lærdal og Sogndal. Eg har gode kollegaer i Hallingdal, men jammen har eg nokon lenger nordvestover og! Me prata om mykje som skjer i ein ordførars kvardag, men ikkje minst fekk eg tatt dei med på ei aldri så liten synfaring rundt om i Gol og vist fram dei satsingane både kommunen og private gjer! Dei var like imponert som meg over satsingsvilja i kommunen av kommunestyret, og hjå dei private som tør og vil.

Så kom Fårefestivalen. Mykje folk, fag og moro! Det myldra i sentrum av bygdingar, hallingar og tilreisande. Det var utstillingar, konsertar og gode handlar overalt. Eg fekk lov til å opne sjølve festivalen fredag kveld i festivalteltet, og laurdagen fekk eg sett og høyrte konserten som Klubb 1 hadde arrangert i sentrumsgata. Me fåre`te på Gol!



Eg har engasjert meg mykje som styremedlem i Visit Gol, både i vår og i haust. Og i tillegg var eg så heldig å få væra med å presentere næringsstrukturen i Gol når ei reiselivslinje kom på besøk på turistkontoret. Det er definitivt viktig at kommunen har tett og god kontakt med turistkontoret og det arbeidet som blir gjort i destinasjonsselskapet Visit Gol!

I samband med revideringa av kommunens samfunnsdelplan sette eg opp ein politisk arbeidsdag på møtekalenderen. Dagen vart brukt til å gjere opp status, men endå viktigare, bli einige om kor Gol

skal hen i framtida. Kommunestyret var, som elles, svært aktive og engasjerte. Prosessveiledaren, turistsjefen og provokatøren Pål Knutson Medhus tvinga oss inn på det heilt konkrete. Me får att desse innspelane når me får planen att til behandling.



Litt samferdsel pregar ein ordførars kvardag, også denne hausten. Og no er det altså slik at vegane RV 7 og RV 52 fekk sin funksjonsdeling med persontransport og næringstransport i Nasjonal Transport Plan. Vidare var det gjeve 500 millionar til RV 52 og 300 millionar til RV 7. Me hadde eit møte med fylkeskommunen for å samkøyre og idemyldre om koss desse pengane kan bli best mogleg brukt for å sikre framtidige utbetringar og investeringar som i neste runde gir oss statusen som vegane aust-vest.

Eg fekk besøk av elevane ved Læringscenteret denne månaden då dei ville sjå kva, kven og korleis me jobbar på kommunehuset. Det var ein engasjert gruppe elevar som møtte opp og deltok på runden som starta nede i Bygdearkivet i kjellaren og vart avslutta på ordførarens kontor i øvste etasje. Flott initiativ og godt engasjement!

Også denne månaden var det Regionrådsmøtet, denne gongen på Ål. Sjå [regionraadet.no](http://regionraadet.no) for detaljerte møtebøker. På agendaen stod mange saker, men ei av dei var sluttrapporten vedrørende regionale idrettsanlegg som eg har fått vore med på å jobba fram. Me fekk også besøk og orientering ved aktørane frå nye Hallingdal Innovasjon (sjå tidligare) og politiet som gav ein status på reformarbeidet. Elles vart det orientert om arbeide med ei reiselivsfagskule på Geilo, noko som er veldig viktig for regionen.

Når haustferien kom skulle ein tru at alle tok ferie, og mange gjorde det, noko som gjorde til at heile 60 personar fann vegen til årets hytttemøte på Pers Hotell. God dialog, mange innspel og diskusjonar kjenneteikna møtet, og eg har no på oppfordring frå hyttegolingane laga ei eiga fana til hyttefolket på kommunens heimesider der ein samlar relevant informasjon.

Så fekk eg besøk tå valdrisar. I forbindelse med nærpolitireforma står nærmast alt på spel, også hallingane sin arrestfunksjon. Denne jobbar me sjølvstgt for at skal få vera som den er, og no vil

valdresingane prøve noko likeeins. For meg var det lærerikt å få besøk og væra bindeleddet for utveksling tå denne informasjonen, men det gjer meg likevel meir bekymra for å miste funksjonen, her må me stå på!

Årets budsjettkonferanse vart like tøff som tidlegare varsla. Statsbudsjettet hjalp oss litt på veg, og det kan syne seg at me ser ein tendens til at våre satsingar gjer utslag i dei økonomiske overføringane frå staten, og det er gledeleg. Me skal likevel spara all den tid me har teke store tunge lyft for Gol. Dette er venta og me jobbar hardt for at konsekvensane ikkje skal bli for store, men grepa må takast.

Eit Hallingstolt-augneblink var då eg vart invitert til Ål Kulturhus for å sjå førestillinga til Stein Torleif Bjella på heimebane. Å sitja der, med mine gode kollegaer og høyre hallingdialekta i Stein Torleifs musikalske drakt var utruleg stort. Dette set Hallingdal på kartet, og ikkje minst med den fantastiske dialekta vår!

Så kom Hallingdalskonferansa som i år vart lagt samtidig med Sikkerheitsdagen.

Hallingdalskonferansa fyrst; framoverlent eller sifua, helst det fyrstnemnde. Takk for inspirerende foredrag av Ståle Økland og godt gruppearbeid med Strategisk plan for Hallingdal. Og vinnaren av StartUpp Hallingdal kan fint seiast å væra nettopp framoverlent. Gratulerer med Swoff, og håpar eg får teste dette i min eigen heim, ganske så snart, dette er etterlengta!

Så Sikkerheitsdagen. Fantastisk arbeid over lang tid med sikkerheit til ungdommen vår har definitivt gitt sitt utslag i statestatikken. Dette er eit særst viktig arbeid som skor innbyggjarane våre til å leve sine liv, i sikkerheit. Takk til aktørane som set Sikkerheit på agenda, år etter år.

Det kan synast i teksten min over, men eg må si at arbeid med næringsutvikling engasjerar meg. Derfor vart eg hoppande glad då eg vart invitert inn som paneldeltakar i Innovasjonsløft Hallingdal! Min jobb i panelet var å gje attendemeldingar til aktørane som la fram sine idear, og det trivdes eg svært godt med. Det var og fantastisk å sjå kor mange gode idear det bur i hallingane, så eg har trua på næringsutviklinga no og i framtida!



Bilturen til Haugesund var lang, men vel verdt å ta. Byregionprogrammet som eg har nemnd før er eit program som alle seks kommunane i Hallingdal har gått inn i for å sjå på korleis me skal leggje til rette for ein utvikling av kjernestrukturen vår, altså alle seks kommunesentra. Her får me masse informasjon om kva me kan gjera i det offentlege, men ikkje minst korleis me kan leggje til rette for næringsutvikling. Det er arbeidsplassar som skapar vekst, difor er dette eit hovudtema. På turen fekk eg med meg ei synfaring og orientering på ei satsing kalla Gründerloftet. Dette var særst interessant

og med den kontakten eg fekk med ildsjela som fekk dette til så skal me sjå korleis dette kan bli i Hallingdal!



Frå den eine turen til den andre, men no kun til Flå. Her hadde Hallingtinget to veldig interessante dagar med tema «Livskvalitet» og gruppearbeid med Strategisk plan for Hallingdal. Fyrste delen var open for interessentar og fagfolk frå kommunane. Foredraget inspirerte til nytenking i alle tenester som angår barn og unge, men også korleis me skal tenkje livskvalitet for alle innbyggjarane våre. I gruppearbeidet med Strategisk plan kom det fram gode signal på at me må dyrke dei styrkene kor enkelt kommune har og samarbeide om dei utfordringar me har til felles. Det var mange gode og konkrete innspel til tiltak og eg gler meg til å jobbe vidare med planen lokalt i Gol!

Elles har hausten også hatt sine kaffimøter med næringslivet som til tider har stort men alltid godt oppmøte. Her kan me få drøfta saker som står på agendaen, orientere om kommunens arbeid og ikkje minst høyre kva næringslivet både driv med, lurar på eller treng meir informasjon om. Vel møtt til dei to siste møte i år i november og desember.

Til slutt skal eg skrive eit par ord om Krokeide Vidaregåande skule som kjem på synfaring til Hallingdal i slutten av november. Alle seks kommunar skal få leggje fram sine moglegheiter i ein synfaringsrunde frå Flå til Geilo. Eg har jobba tett med administrasjonen for å vise fram «heile pakka» her på Gol. Ikkje berre tomter og bygg. Det blir særst spennande å følgje prosessen vidare, all den tid at me no fyrst må få dei til å velje Hallingdal og ikkje Eidsvoll. Så vil neste runde bli å få dei til å velje Gol. Eg har trua og står på for å få denne nyetableringa til Gol, men fyrst og fremst til Hallingdal. Det vil uansett bety mykje for Hallingdal som nabokommunar om dei kjem hit både ift arbeid og bu/leigemarknad.

Heia Hallingdal og heia Gol!

Heidi